

NOTAT

Til: Prioriteringsrådet
Frå: Sekretariatet

Vedlegg nr. 4

Saksbehandlar:
Kari Gåsemyr og Erlend Otterå
Vår dato: 03.11.2025

Sak 69/25 Forslag til prinsipp for prioritering av prosjekt

Bakgrunn

Styringsgruppa i Miljøløftet vedtok i mars handlingsprogram 26-29, og det ble samtidig gitt innspel til statsbudsjett 2026. Sekretariatet blei oppfordra av Statens vegvesen til å utarbeide ei prioritert liste over vedtekne prosjekt over post 30 til 66, ettersom slike prioriteringar er nødvendig ved innsending til statsbudsjettet. Innbyrdes prioritering mellom prosjekt har tidlegare blitt gjort av Statens vegvesen, og ikkje partane i Miljøløftet.

Sekretariatet laga i mars eit forslag til ei prioritert liste med utgangspunkt i nokre kriterium, men grunna korte tidsfristar blei prosessen mindre oversiktleg enn ønska for partane. I sak 32/25 i styringsgruppa blei det derfor bestemt at sekretariatet skulle kome tilbake med ei sak om prinsipp og framgangsmåte for innbyrdes prioritering av prosjekt i framtida. Under foreslår vi prioriteringskriterium og framgangsmåte for å prioritere prosjekt.

Utgangspunktet er at prosjekta skal ha høy måloppnåing slik at dei kan bidra til at nullvekstmålet blir nådd. Det er vidare viktig å sikre at dei prosjekta som blir prioriterte er så modne som mogleg for å unngå forseinka oppstart av prosjekt og dermed mindreforbruk.

Forslag til prioriteringskriterium

Sekretariatet legg med dette fram nokre kriterium som skal nyttast til å utarbeide et forslag til prioritering av prosjekt, slik at partane har eit utgangspunkt for diskusjon. Måloppnåing, modenheit, og ei rimeleg fordeling mellom kommunane står sentralt i forslaget til prioriteringskriterium under. Prosjekta det skal prioriterast mellom er alle prosjekt med finansiering over post 30 til 66 i første år i handlingsprogrammet – med andre ord dei prosjekta som blir spelt inn til statsbudsjett.

Kriteria vi foreslår under for innbyrdes prioritering mellom prosjekta:

1. **Måloppnåing:** Vi prioriterer prosjekt med høgast grad av måloppnåing, altså prosjekt som i høgast grad bidreg til at vi når det overordna målet om at det ikkje skal bli vekst i persontrafikken.
2. **Modenheit:** Vi prioriterer prosjekt med størst grad av modenheit. Dette kriteriet vil sørge for at prosjekta som mest sannsynleg vil kunne starte opp i år 1 i handlingsprogrammet, blir prioritert. I utgangspunktet skal alle prosjekt som blir spelt inn til statsbudsjettet vere modne, men vi legg no opp til ein utvida skala for modenheit, der særleg modne prosjekt vil kunne få 4 poeng for modenheit (mot 3 som var tidlegare maksnivå).

3. **Tidlegare tildelingar per kommune:** Vi prioriterer prosjekt i kommunar som har størst del gjenståande midlar i avtalen. Det er til dels store forskjellar mellom partane når det gjeld kor mykje av den totale ramma i byvekstavtalen dei har fått tildelt. Dette kriteriet vil sørge for å utjamne desse forskjellane. Tabellen under viser korleis fordelinga er per i dag.

Del midlar gjenståande i byvekstavtalen	
Bergen	28 %
Alver	74 %
Askøy	57 %
Bjørnafjorden	36 %
Øygarden	85 %

Framgangsmåte for å prioritere prosjekt.

Sekretariatet vil utarbeide eit forslag til ei prioritert liste av prosjekt, basert på dei kriteria over. Prosjekta blir først prioritert etter måloppnåing. Viss fleire prosjekt har lik måloppnåing, blir dei med høgast modenheit prioritert. Viss fleire prosjekt har lik måloppnåing og modenheit, blir prosjekt prioriterte etter del gjenståande midlar. Dersom fleire prosjekt etter denne framgangsmåten blir vurdert likt, vil dette gå fram av saksutgreiinga.

Det er viktig å understreke at eit forslag til prioritering av prosjekt basert på kriteria vil vere eit utgangspunkt til diskusjon i samanheng med handsaming av handlingsprogrammet. Prioriteringsrådet kan foreslå endringar til forslaget, til dømes basert på politiske signal eller oppdatert informasjon, før avgjerda om den endelege rekkefølga av prosjekta blir tatt av styringsgruppa.

Innspel til statsbudsjettet, med innbyrdes prioritering mellom prosjekta, vil til slutt bli levert til Statens vegvesen innan fristen 31. mars.

Forslag til vedtak:

Følgjande kriterium skal nyttast når sekretariatet skal utarbeide forslag til prioritering mellom prosjekt:

1. *Grad av måloppnåing*
2. *Grad av modenheit*
3. *Tidlegare tildelingar per kommune*

Partane vil kunne endre sekretariatet sitt forslag i samband med handsaming av handlingsprogrammet.